



Fjellnettverkets innspel til arbeidet med stortingsmelding om distrikt

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylke. Oppgåva vår er å arbeide for levande og livskraftige bygder. På vegne av medlemmene har me følgjande innspel til arbeidet med distriktsmeldinga:

Distriktsmeldinga bør legge til grunn at berekraftig bruk av fjellområda og utvikling av ressursane i fjellet er eit viktig bidrag for å redusere den globale oppvarminga. God forvaltning, bruk og utvikling av våre område stiller derfor spesielle krav, og kan skje best når det bur folk i og nær fjella.

Ein heilskapleg og offensiv distriktpolitikk bør innehalde:

- Ein plan for utvikling av fjellområda i tråd med det grønne skiftet.
- Sikre at bruk av naturressursar gir inntekter til lokalsamfunna.
- Inntektssystem til kommunane som baserer seg på brukartal.
- Styrking og utviding av differensiert arbeidsgivaravgift.
- Sikre etablering av nye, framtidsretta næringar i distrikta.
- Tiltak som fører til at det blir bygd ulike typar bustader over heile landet.
- Sikre kunnskap og kompetanse gjennom fleire utdanningsinstitusjonar i distrikta
- Styrking av inntektene i fjelljordbruket.
- Insentiv for satsing på heilårsarbeidsplassar i reiselivet.
- Auke investeringar i infrastruktur.

Fjellnettverket meiner at *NOU 2020: 12 – Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn* frå Distriktsnæringsutvalet dannar eit godt grunnlag for både strategisk tenking og konkret politikk. Fjellnettverket viser til vårt høyringssvar til denne meldinga og til høyringssvaret frå Fjellnettverket til *NOU 2020:15 Det handler om Norge*.



Utvikling av fjellområda er nødvendig for det grønne skifte

Fjellområda er store og med rike naturressursar, som utgjer verdier både for folk som bur der, for det norske storsamfunnet og for det globale samfunnet. I FNs berekraftsmål blir ressursane i fjellområda peika på som viktige for framtidig utvikling. Berekraftig bruk av fjellområda og utvikling av ressursane i fjellet er eit bidrag til å redusere den globale oppvarminga. God forvaltning, bruk og utvikling av våre område stiller derfor spesielle krav, og kan skje best når det bur folk i og nær fjella.

Samla har fjellområda i Noreg naturgitte føresetnader som gjev anna grunnlag for næringsutvikling enn resten av Noreg. Når folk bur der verdiane er og skapast, fører det til sterke verksemder og levande lokalsamfunn. Bruk og vidareforedling av lokale ressursar, er viktig for det grønne skiftet. Det er et konkurransefortrinn som Noreg må bygge vidare på

Samstundes står fjellområda ovanfor store utfordringar i framtida: Færre i arbeidsfør alder, fråflytting, fødselsunderskot og mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse. Befolknings- og framskrivningane frå Telemarksforsking viser at fleire negative trekk truleg kjem til å forverre seg framover. Fjellnettverket er uroa over utviklinga og framtida til distrikta og spesielt fjellområda.

Fjellnettverket meiner at me kan snu sentraliseringa og få til ei positiv, berekraftig utvikling som styrkjer næringslivet, sikrar busetting og gode liv i distrikta. Men det vil krevje ein offensiv politikk med fleire ulike verkemiddel og tiltak. Ein målretta og samordna distriktpolitikk vil sikre vekst og busetting og bidra til det grønne skiftet.

Eit sentralt spørsmål for framtida for fjellområda, er korleis det blir lagt til rette for og politiske vedtak for at omstilling til det grønne skiftet blir rettferdig fordelt. Det bør leggest til rette for grøn vekst i alle delar av landet. Både byrdene og fordelane med omstilling, må fordelast over heile landet.

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde:

- Ta i bruk og vidareforedle ressursar der dei blir produsert
- Sikre at små og mellomstore verksemder klarar omstillinga til det grønne skiftet.
- Legge til rette for og sette i verk tiltak for auka berekraft i distrikta.



Fjellkommunane og inntekter (Innbyggjarar og fritidsinnbyggjarar)

Ei spesiell utfordring for lokalsamfunna og fjellkommunane er at overføringane til kommunane baserer seg på innbyggjartal og ikkje på faktiske brukarar. Utfordringa har auka over tid. Sidan 90-talet har endringane i måten nordmenn byggjer og brukar fritidsbustader på, endra seg: Frå små hytter med enkel standard til bustad nummer to. Fritidsinnbyggjaren bruker mykje tid på hytta og i kommunen hytta ligg i. Mange fjellkommunar får mangedobla innbyggjartalet i høgsesongane. Kommunar får fleire positive ringverknader av fritidsbustadene, men òg store utgifter, mellom anna på grunn av opphaldsprinsippet, infrastruktur og til behandling av byggjesaker. Overføringane til kommunane blir rekna etter talet på heiltidsinnbyggjarar utan omsyn til at måten nordmenn bur på og bruker fritida si på, har endra seg.

Slik det er i dag, dekkjer ikkje utgiftskorrigeringsane alle kommunale oppgåver. Vi meiner Demografiutvalet har rett i si analyse av at små distriktskommunar ofte må ta eit ansvar for fleire og andre oppgåver enn i større kommunar, og at Inntektssystemutvalet bør vurdere om det er andre kostnader i distriktskommunar som inntektssystemet bør ta høgde for.

Store delar av produksjon av vasskrafta blir produsert i fjellområda. Det medfører store inngrep i naturen og er på ulike måtar til ulempe for lokalsamfunnet. Motstanden mot vindkraft viser tydeleg at dette blir opplevd som ei stor ulempe lokalt. Både inngrepa og bruk av naturen bør kompenseras med inntekter som kjem lokalsamfunna til gode.

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde:

- Ein konkret tidsplan for kartlegging, undersøking og gjennomføring av endring av inntektsgrunnlaget til kommunane. Etter vårt syn er tida inne for å konkludere med at brukartal og ikkje innbyggjartal bør leggjast til grunn både ved lokalisering, dimensjonering og finansiering av offentlege tenester. Vi viser til debatten om hyttebruk i 2020. Vårt ønske er at fjellbygdene skal vere i stand til å tilby både faste innbyggjarar og fritidsinnbyggjarane gode tenester.
- Det ligg eit potensial i å få ein større del av verdiskapinga lokalt, og dette bør sjåast på som eit statleg satsingsområde.



- Fjellkommunar som avstår frå verdifulle naturressursar til storsamfunnet, må få behalde ein større del av verdiskapinga. Desse inntektene bør heilt eller delvis haldast utanom inntektsutjamningssystemet. Dette vil gi kommunane insentiv til å leggje til rette for å nytte naturressursar til næringsformål og med det føre til auka verdiskaping i tråd med forslag frå Distriktsnæringsutvalet.

Avgifts- og skattepolitikk

Fjellnettverket meiner dagens ordning med differensiert arbeidsgjevaravgift er eit svært viktig distriktpolitisk verkemiddel. Det bør vurderast om innføring av personretta verkemiddel kan brukast meir for å auke bustadsattraktiviteten i distriktskommunar, særleg for å påverke sjølve avgjerda om å flytte.

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde

- Ei vidareføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift.
- Eit arbeid for utviding av ordninga slik at større delar av fjellområda får lågare eller ingen arbeidsgjevaravgift. Dette vil vere eit treffsikkert verkemiddel for næringslivet.

Etablering av ny og framtidretta næringsverksemd

Skal fjellområda styrkast i framtida, vil det krevje at det blir ein meir variert næringsstruktur. I dag er næringslivet i fjellområda prega av næringar der ein ikkje ventar vekst i framtida.

Det er gode føresetnader for etablering av mellom anna produksjonar som er plass- og kraftkrevjande.

Det er grunn til å sjå for seg at framtidens arbeidsliv blir meir fleksibelt. Sjølvstendig næringsdrivande, gründerar eller folk som arbeider med mindre fast kontorstad, kan busette seg i distrikta. Det trengs insentiv for å styrke dette arbeidet.

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde:

- Planar og verkemiddel for korleis ein kan sikre tilgang på risikokapital i etablering.



- Planar og verkemiddel for at kommunar skal kunne legge til rette for kontorfellesskap og nettverk.
- Handlingsrom og økonomiske verkemiddel for å styrke utviklinga i distrikta. Regionale utviklingsmidlar har vorte reduserte dei siste åra. I våre område har regionale utviklingsmidlar vore viktige for innovasjon og nyetablering, og Fjellnettverket meiner dette må styrkast.

Fjellandbruket

Fjellandbruket er ein berebjelke for verdiskapinga i fjellområda. Jordbruk, skogbruk og reindrift bidreg i stor grad med ressursar både lokalt og nasjonalt. Samla er 20 prosent av alle aktive gardsbruk i landet vårt i fjellområda. På fjellgardane finn vi 22 prosent av alle landets mjølkekyr og ein tredjedel av alt storfe og det meste av sauene på utmarksbeite. Reinsdrift er eit anna døme på ei viktig lokal næring, der etterspørsel etter reinskjøt er veksande. Hagebruk og potetdyrking er døme på det same, det å produsere frukt, bær og poteter nær dei klimatiske grensene fører ofte til reinare og meir velsmakande produkt. Driftsformer seterdrift og bruk av utmark bør styrkast.

Fjellandbruket er ein viktig del av sjølvforsyninga i Noreg. Dette vil bli endå viktigare i framtida. Ifølgje FN sitt klimapanel (IPCC) trugar klimaendringane allereie matproduksjonen i verda, og behovet for mat kjem til å auke. Dei hevdarar at matproduksjonen må auke med 14 prosent per tiår for å møte den veksande etterspørselen etter mat.

For Noreg, med dei spesielle vekstforholda me har her til lands, betyr det at me må auke matproduksjonen og ikkje minst bruke utmarkene meir. Gjennom utmarksbeiting utnyttar ein ressursar som elles ikkje ville kunne nyttast til matproduksjon. Drøvtyggarar held ved like det biologiske mangfaldet, som allereie i dag er truga av attgroing, og beiting i høveleg omfang bind karbon i jorda.

Det har dei siste åra vore ein auka etterspørsel etter lokalprodusert mat. Det at fleire forbrukarar er opptekne av både dyrehelse, berekraft og næringsinnhald i maten, gjev eit stort potensial for fjellandbruket. Ei ynskjeleg utvikling vil vere ein større del av vidareforedling skjer lokalt.

Skogsdrifta er ei sentral næring i fjellområda, men i dag blir store delar av tømmeret eksportert og lite foredla lokalt. Auka hogst og nyplanting vil ha ein positiv effekt på klimaet og gje eit viktig bidrag til å redusere karbonutsleppa.



FNs klimapanel (IPCC) viser at me må auke hogsten og auke bruken av trevirke for å nå klimamåla.

Meir foredling av skogvirke har eit stort potensial som distriktsnæring i framtida. Meir bruk av tre i bygg vil kunne auke sysselsettinga i landet. Trevirke kan brukast til å erstatte produkt som i dag blir laga ved hjelp av mindre berekraftige materialar som jern, stål, plast og betong.

Landbruket i fjellet er klimarobust. Ifølgje FN sitt klimapanel må me førebu oss på større klimaendringar framover. Å styrke jordbruket, reindrifta og skogbruket i fjellområde vil vere viktig for landet vårt framover.

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde:

- Tiltak som tek utgangspunkt i dei spesielle føresetnadene for fjellandbruket og som sikrar at landbruket i fjellområda blir styrka. Etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruk.
- Meir bruk av utmarksbeite. Beiting i utmarkene er ein naturleg del av matproduksjonen i fjellområda og med på å ta vare på det biologiske mangfaldet. Distriktsmeldinga bør ta høgde for at næringsverksemd som reindrift og grovforbasert produksjon er arealkrevjande. Distriktsmeldinga bør ha tiltak som styrkar og aukar seterdrifta.
- Det offentlege bør bruke innkjøp som eit aktivt verkemiddel. Det gjeld ved å etterspørje tre i nybygg og i rehabilitering og like eins innkjøp av lokal- og norskprodusert mat.
- Ein jordbrukspolitikkk som gir gode inntekstmogelegheiter på små og mellomstore bruk og held gardar og jord i drift.
- Auka sysselsetting og verdiskaping gjennom meir foredling i fjellområda. Støtte til investeringar vil stimulere til auka lokal vidareforedling av naturressursane.

Reiselivet

Før koronautbrotet var reiselivet ei av verdas raskast veksande næringar. No er utviklinga meir usikker. Fjellnettverket meiner det framleis ligg store mogelegheiter for auka verdiskaping innanfor eit berekraftig reiseliv i framtida i våre område med rein luft, reint vatn, dyreliv, naturmangfald og vakker natur. Kulturarv og tradisjonar frå fjellet kan danne grunnlag for nye, stadeigne opplevingar. Bruken av fjellet gjennom reindrift, seterdrift og



fjelljordbruk er ein føresetnad for utvikling av fjellområda som reisemål. Mat produsert lokalt og berekraftig og som er foredla lokalt, vil gje auka verdiskaping.

Ei utfordring er at reiselivet er sesongbasert. Ein konsekvens av dette er lite stabile arbeidsplassar og difor mindre kompetanse i arbeidsstokken i næringa. Ein anna er låg verdiskaping store delar av året. Fleire heilårsarbeidsplassar innan reiselivet vil styrke fjellkommunane og reiselivet som næring.

Fjellnettverket meiner distriktmeldinga bør innehalde:

- Tiltak for at reiselivet i fjellområda i større grad blir heilårsdestinasjonar. Stabile heilårsarbeidsplassar sikrar kompetanse og utvikling i reiselivet, og det styrkar lokalsamfunnet.
- Korleis ein i framtida skal sikre tilgang på ubygd natur: Tilreisande etterspør ubygd natur, og det bør det takast omsyn til i planlegging av fritidsbustader i fjellet. Fjellnettverket meiner ein i hovudsak bør prioritere fortetting eller utviding av eksisterande fridstidsbustadfelt framfor å etablere nye.
- Ei styrking av marknadsføringa av fjellområda i Noreg med målretta marknadsføring mot tilreisande som etterspør berekraft og naturopplevingar.
- Mange av verksemdene innanfor lokalmat og reiseliv i fjellet er små verksemdar og ofte tilleggsnæringar til landbruket. Det er derfor naudsynt at det er verkemiddel som sikrar både lønnsemd for primærnæringane og styrker små reiselivsverksemdar i fjellet.
- Det er naudsynt med ulike fellestiltak for mat og reiselivsverksemdar. Fjellnettverket foreslår òg at regelverk for matservering knytt til landbruksverksemd bør tilretteleggast slik at ein kan ha avgrensa matservering frå garden med andre krav enn dei som er utforma for industrikjøkken og liknande.

Bustadpolitikk

Fjellnettverket ser det som viktig at bustadmarknaden i distrikta i større grad enn i dag følgjer utviklinga i sentrale strom. Det trengs ein meir differensiert bustadmarknad der det er tilgang på ulike typar bustader. Fjellnettverket



meiner Husbanken bør ha ei større distriktspolitisk oppgave, slik at ein kan auke tilgangen på bustader både for befolkninga generelt og særleg for eldre.

Ei utfordring er at kostnadene med å bygge bustader er om lag like over heile landet, medan bustadprisen og mogelegheit for sal varierer stort.

Nasjonale retningslinjer

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde:

- Ei styrking av oppdraget til Husbanken for å sikre fleire bustader i distrikta og stimulere til ulike typer bustader i område med ein usikker marknad.
- Endre utlånsforskrifta for bankane slik at vilkåra for utlån i lokale bankar i større grad kan vurderast lokalt.
- Meir fleksible nasjonale retningslinjer for slik at kommunar kan legge til rette for bustader utanom kommunesentrum i distriktskommunane.

Desentralisere offentlege arbeidsplassar

NOU 2020:12 viser at sysselsetjingsveksten i offentleg sektor har skjedd på ein slik måte at sentraliseringa har gått snøggare. I kommunar med sentralitetsklasse 6 har arbeidsplassveksten i offentleg sektor vore 23 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet sidan 2000-talet. Ser vi på fjellkommunane samla, er arbeidsplassveksten 15 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet. Denne nedgangen får særleg negative konsekvensar i distriktskommunar med einsidig næringsliv og få arbeidsplassar for dei med høg utdanning.

Den statlege politikken på sysselsetting har i praksis fungert som ei motkraft til arbeidet kommunane gjer for å auke attraktiviteten og få fleire tilflyttarar. Skal ein i framtida ha levande og livskraftige bygder, er det nødvendig med ein politikk som legg til rette for og byggjer oppunder arbeidet kommunane gjer for å styrke distrikta.

Fjellnettverket meiner statlege arbeidsplassar bør fordelast meir ut over landet.

Fjellnettverket meiner distriktsmeldinga bør innehalde:



- Ein offensiv plan for å desentralisere statlege arbeidsplassar. Det bør vere ei tydeleg målsetjing at statlege arbeidsplassar blir flytta frå sentrale strøk og ut i distrikta. Planen bør innehalde ei tidfesting av når delar av regjeringsapparatet, avdelingar av direktorat og andre statlege verksemder skal flyttast ut av sentrale strøk og til kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6.
- Ein plan for at staten etablerer minimum 20 prosent av sine stillingar utan fast arbeidsstad. Dette vil leggje til rette for at statstilsette kan bu andre stader enn der kontora er lokaliserte. Arbeidsplassar som er lokaliserte rundt om i landet, vil etter vårt syn vere ein styrke for statleg forvaltning. For distrikta vil det føre til viktige kompetansearbeidsplassar og eit meir variert næringsliv.

Utdanning over heile landet

Både Distriktsnæringsutvalet og Demografiutvalet ser på utdanning som ein viktig faktor for busetting. Årsaka er at utdanningsstad i stor grad påverkar kvar ein buset seg etterpå. Undersøkingar viser at over 70 prosent blir verande i regionen der dei har gjennomført studia. I dag er utdanningsinstitusjonar i stor grad lokaliserte i sentrale område. Ei satsing på desentralisert høgare utdanning vil sikre kompetanse til næringslivet i distrikta.

Fjellnettverket meiner difor distriktsmeldinga bør innehalde:

- Ein plan for korleis ein skal sikre at det blir fleire studiestader i distrikta med sterke insentiv for at universitet, fagskular og høgskular oppretter fleircampusordningar. Etter- og vidareutdanningar bør bli meir fleksible for å kunne møte næringslivets behov for kompetanse.
- Flytte og etablere nye utdanningsinstitusjonar og etablere etterutdanning i distrikta
- Verdiskapingsprogram for arbeidsplassar med høg kompetanse.



Infrastruktur som ein sentral føresetnad for næringsutvikling

Infrastruktur og samferdsel er sentrale spørsmål for næringslivet i distrikta. Det kan redusere distriksulempene og påverke næringsutvikling positivt. Ei satsing på jernbane, fly og veg er naudsynt for næringslivet i heile landet. Målsetningane knytt til null-utsleppskøyretøy i framtida kan berre nåast om det blir bygd ut eit godt ladenettverk i distrikta.

Både tilreisande og fastbuande innbyggjarar er avhengige av eit forutsigbart kollektivnett. Eit godt utbygd kollektivnett vil vere eit viktig tiltak for ei meir berekraftig reiselivsnæring i framtida.

Tilgangen til digitale nettverk er svært mangelfull i store delar av fjellområda. Dette får negative konsekvensar for barn og unge under utdanning, næringslivet og mogelegheiter for nyetableringar. Fjellnettverket meiner statleg støtte til utbygging i område der det ikkje er kommersielt lønnsamt, må forsterkast kraftig.

Fjellnettverket meiner distriktmeldinga må innehalde:

- Ein plan for når breiband og fiberløysingar skal byggjast ut i alle delar av landet
- Eit mykje raskare utbyggingstempo enn i dag av veg og jernbane.
- Det bør vurderast om dagens fylkesvegar ikkje lenger skal knytast opp mot rammetilskotet til fylkeskommunen. Behovet for oppgradering og utbygging er ikkje nødvendigvis samanfallande med talet på innbyggjarar i eit fylke.
- Legge til rette for fossilfri transport over heile landet

Konklusjonar

Fjellnettverket er uroa over utviklinga i fjellområda. Skal me få til ei god og berekraftig utvikling fjellområda i framtida, trengst ein aktiv og offensiv politikk

Fjellnettverket oppmodar om at den nye distriktmeldinga legg større vekt på at ein sikrar vekst og næringsutvikling i fjellområda i framtida.